



RYDDARAR: Fleire tok tysdag turen til Ånuglo, for å rydda i Vedavika. (Alle foto: Kjell Magnus Økland)

Ryddda 750 kilo boss på Ånuglo



SKIP: Barna kom seg til Ånuglo via seglbåt.

Tysdag fann 32 barn i barnehage- og skulealder vegen til Ånuglo. Der rydda dei for harde livet.

– Ryddedagen var ganske vellukka. Det blei rydda ni «bigbags», som nok er vel 750 kilo. Det er bra, med tanke på arbeidarane sin unge alder, seier Kjell Magnus Økland i Kystsogevakene.

Han var til stades då fire barnehagebarn og 28 barn på tredje, fjerde og femte trinn tok turen til Vedavika på Ånuglo. Samtlege barn var frå Bringedalsbygda oppvekstsenter, ein kombinert barnehage

og barneskule i Kvinnherad.

Snakkast på fjorden

– Strandryddedagen inngår i eit prosjekt som heiter «Snakkast på fjorden», fortel Økland.

Prosjektet inneber å reisa rundt på sjøen med barneskuleelevar frå 10 kommunar i landet. På vegen lærer elevane om segling, roing og liknande, i tillegg til at dei deltar på strandrydding ymse stader.

Som ein magnet

Elevane blei frakta frå Herøysund til Ånuglo med seglskipet «Seladon».

– I tillegg til meg frå Kystsogevakene, fekk me hjelp frå to frivillige frå Tysnes, Arne og Rebekka Høgestøl, fortel Økland.

Sjølve ryddinga føregjekk som nemnt i Vedavika, som ifølgje Økland er særskilt utsett for forsøpling.

– Det ligg boss der frå fleire tiår. Jorda var vel rundt 10-20 prosent jordsmonn og 80-90 prosent plastikk. Den vika er som ein magnet for boss, seier Økland.

VETLE MIKKELSEN
vette@tysnesbladet.no



BOSS: Jorda i vika bestod for det meste av boss.